

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 614, TI - &46	16/422

Saknr	Utval	Type	Dato
116/2017	Formannskapet	PS	28.11.2017

## Alarm på Bjørn West-museet - delløyving frå Masfjorden kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune går inn med ei delfinansiering på alarm på Bjørn West-museet på maks kr 20.000,-.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn/ Fakta

Dagleg leiar på Bjørn West-museet søker i skriv av 17.11.17 om at Masfjorden kommune deltek i finansieringa av alarmanlegg på museet. Det har i fleire år vore snakka om å installera alarm på museet, men ein har ikkje kome i hamn med finansieringa. Å sikra samlingane med alarm er ikkje blitt mindre aktuelt i det siste.

Det er henta inn tilbud frå Securitas på alarm i bygga. Prisen er på kr 45744 eks mva. I tillegg er det henta inn pris på alarm i ein del monter med verdfulle våpen. Nokre av desse montrane står i båthuset og er utan tilsyn i opningstida. Samla investering blir på kr 68544 eks mva. Men dagleg leiar tek høgde for at det kan verta tilleggsutgifter til reise, lift og evt. nye kablar.

Framlegget frå museet er at utgifter på kr 65000 vert fordelt på Bjørn West-marsjen med kr 25000, Stiftinga Bjørn West-museet kr 20000 og Masfjorden kommune kr 20000. Dersom kostnaden blir høgare enn kr 65000, vil Bjørn West-museet dekke resten over eige driftsbudsjett.

#### Vurdering

I samarbeidsavtalen mellom Stiftinga Bjørn West-museet, Stiftinga Museum Vest og Masfjorden kommune står det slik i § 4: «Masfjorden kommune tek på seg ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane på vegne av Bjørn West-museet. Ved behov for større investeringar og vedlikehaldsoppgåver må alle partane samarbeide om finansiering av desse ( f.eks tak, alarm, heis, elektrisk anlegg, maling utvendig osv).

Den løysinga som det her er lagt opp til frå museet si side er såleis i tråd med avtalen. På budsjettet , teneste 37500 Museum, er det sett av kr 10000 til vedlikehald av bygningar i 2017. Det skal då dekke Bjørn West-museet, Kvamsdals fargereri og Nothuset. Om lag halve summen er brukt i år, medrekna arbeid som er bestilt, men ikkje utført. Ei løyving på kr 20000 til alarm på Bjørn West-museet vil såleis føra til ei overskriding på teneste 37500 Museum.

**Konklusjon**

I samsvar med samarbeidsavtalen går Masfjorden kommune inn med ei delfinansiering på alarm på Bjørn west-museet på maks kr 20000.

**Formannskapet - 116/2017****FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune går inn med ei delfinansiering på alarm på Bjørn West-museet på maks kr 20.000,-.**